




## HAUSTELISTE – 27 MAI




Det er ikkje så mange endringar sidan forrige vekes hausteliste. Hugs at haustelista gjeld for kvar veke. Nyt urter, og luft/pipelauk som er på sitt aller beste no!

Vi let persillen stå, slik at den kan bruke energien sin på å blomstre, og gi oss frø – som kan såast til neste vår. I år er det sådd persille ute i dei faste sengene - som forhåpentleg kjem opp snart.

Reddiken som er sådd i tunnelen har fått besøk av sneglar, som også har tatt ein smakebit. Sidan det er såpass mange som er ete på får du vurdere sjølv om du ønsker å nytte deg av nokon av dei. I så fall tek du dei finaste, og skjærer vekk den delen som er ete på. Haust som du ynskjer av dette. Hugs å få med deg ruccola som også veks i tunnelen, den er fin å hauste av no, så veks den fort opp att.

PLANTE	KVAR	KORLEIS	KOR MYKJE
OREGANO 	I urtebedet	Knip/klipp av	Det du trenger
EPELEMYNTE	I urtebedet, bak pilhytta	Knip/klipp av	Den er ikkje komt så langt, men det går fint an å knipe nokon toppar til ein kopp te

			
<p><b>LØPSTIKKE</b></p> 	<p>I urtebedet, bak pilhytta</p>	<p>Klipp/kutt av nede med rota</p>	<p>1 stilk</p>
<p><b>LØFT/PIPELAUK</b></p> 	<p>Seng 1, og 2</p>	<p>Knip/knekk av nede på planten. Det er det grønne over jorda som nyttast. Blomen/lauken som kjem på toppen er også etandes.</p>	<p>Ein stoor bunt! No er dei på sitt beste. (Kan frysast direkte, om du ikkje kan ete alt på ein gong)</p>
<p><b>GRASLØK</b></p>	<p>I urtebedet</p>	<p>Klipp</p>	<p>Det du trenger. Blomsterknoppar (det lilla) Og blomster kan etast. Kan frysast ned.</p>

			
<p><b>RUCCOLA</b></p> 	<p>I tunnelen, i senga nest lengst til venstre. I rada til venstre i senga.</p>	<p>Knip av blada nede på planten. Plukk nokon blad frå fleire plantar.</p>	<p>Som du trenger</p>
<p><b>SPINAT</b></p> 	<p>I tunnelen</p>	<p>Knip/knekk av kvart enkelt blad frå fleire plantar</p>	<p>Ca. 10 blad</p>
<p><b>KVITLØKBLAD</b></p>	<p>Seng 7, og 8 – her står det att nokon plantar som vi ikkje skal hauste i år.</p>	<p>Knekk av blada, og bruk dei som ein kvitløkerstatning.</p>	<p>Ta som du ønsker.</p>



REDDIK



I tunnelen. I senga til høgre, og ei rad i same seng som ruccola.

Dra opp.

Ta dei som du syns ser ok ut, så kan du skjære vekk det som er ete på før du brukar det i maten.

RABARBRA



Bak tunnelen

Dra til deg, samtidig som du knekker litt til sides – då får du med deg heile stilken. Knekk av bladet. Det kan du legge under rabarbraplanten, eller i kompostskuffa.

Om det er meir att: som du trenger, lat det stå att nokon stikar på kvar plante.